

SPISS - GENSER

Eit strikkemønster laga av Reidun Trønnes for Leine Merino

Garn: Leine Merino 1-tråds, ca.120 gram
(medrekna frynser)

Pinner: nr. 4 eller 4.5

Mønster: rettmasker på alle omganger
(= rillestrikk)

Str.: dame, ca. str. 38

Heil lengde: 80 cm.

Skulderbreidde: 55 cm.

Ermelengde: 50 cm.



FORSTYKKE: Legg opp 3 m. Strikk riller . Auk 1 m på slutten av kvar omgang ved å slå opp eit kast før siste m. Fortset slik til det er 90 m på pinnen. Strikk til saman 46 riller. Del arbeidet på midten for halsfelling. Strikk 2 m saman mot halsen kvar omgang 20 gongar. Fell av skulderm. Strikk andre halvdel av forstykket på same måte.

BAKSTYKKE: Som forstykke, men 1 cm før heil lengde felles dei midterste 30 m. Fell deretter 2 m i starten av pinnen mot halsfellinga 2 gonger. Fell av resten av maskene og strikk andre halvdel av bakstykket på same måte.

ERME: Legg opp 3 m . Strikk spiss som på forstykke 20 omg. = 53 m. Fell av når ermet måler ca. 50 cm (= ca. 65 riller).

MONTERING: Sy saman forstykke og bakstykke opp til ermhola. Sy saman på skuldrane. Sy saman midt under ermet, sy i erma. Viktig å ikkje sy for stramt, ver "laus på hända"!

HALSKANT: Plukk opp ca. 90 m med p nr.4. Strikk 1 omgang rett, ein omgang vrang. Fell laust av i rettstrikk. Dersom du vil ha frynser, trer du dei i holkanten langs spissane på forstykke og bakstykke, og eventuelt på ermespissane.

Mønsteret er utarbeida for dame, str. 38. Storleiken kan regulerast med færre eller fleire masker.



Leine Merino